



**Mannen over heiter Terje Syvertsen og han er no igang med ein turprestasjon som han faktisk ikkje er åleine om: Han ror langs norskekysten frå Drammen til Namsos og dei siste dagane har han vore i vårt fylke. Men han har ikkje hatt det berre lett og det er her ein uskedeling kjem inn i biletet.**

Frode Sæbø frå Uskedalen koste seg laurdag kveld på hytta på Fjelberg saman med nabofamilien då ein mann kom roande inn. Det var Terje og han rapporterar kvar dag grundig på Facebook om korleis det går med roturen.

I siste rapport står det at han er aust for Tysnes etter å ha gjort unna ein lang etappe med kryssing av Hardangerfjorden.. Han slår fast at han kan takke fritidsbåtkaptein Frode Sæbø for at han kunne gjennomføre etappen. Da han kom fram til Breivika på Fjelberg vart han invitert på grillsteikt pizza og rødvin av Frode og familien,

Han held fram:

' De var naturligvis meget undrende til både båtfører, båt og årer så da jeg fortalte om mitt prosjekt og værmeldingen var sjekket ble bokseringshjelp over noen utfordrende fjordstrekninger avtalt'

Rokaren formidlar ein stor takk til Frode og familien.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen